

Dialogkort vg3

Kapittel 13 Krig og uro

Spørsmål

Kva formål hadde diktinga før krigen?

Svar

å åtvare, å kritisere og å oppfordre til motstand og fredelege løysingar



Dialogkort vg3

Kapittel 13 Krig og uro

Spørsmål

Kvifor blei den første verdskrigen eit så stort sjokk?

Svar

fordi krigen skapte enorme øydeleggingar, på grunn av «maskinell» masseøydelegging, og fordi mange menneskeliv gjekk tapt

The image consists of a dense, diagonal pattern of the word "intertekst" in a light blue font. The text is rotated approximately 45 degrees clockwise. The words are arranged in a staggered, non-overlapping manner, creating a sense of depth and movement across the white background.

Dialogkort vg3

Kapittel 13 Krig og uro

Spørsmål

Kva åtvara Arnulf Øverland mot i diktet «Du må ikke sove»?

Svar

Han åtvara mot dei ideologiske straumane han såg i Europa, altså nazismen og fascismen. Han åtvara mot at ein var på full fart inn i ein ny krig. Han meinte at folk ikkje måtte sjå ein annan veg, men gjere noko.



Dialogkort vg3

Kapittel 13 Krig og uro

Spørsmål

Korleis utnytta Adolf Hitler og nazistane stemninga i Tyskland i mellomkrigstida til å ta makta i landet?

Svar

Dei utnytta følelsane folk hadde av audmjuking og skam. Propaganda og karismatiske talar gav tyskarane trua på framtida igjen.

The image consists of a dense, diagonal pattern of the word "intertekst" in a light blue font. The text is rotated approximately 45 degrees clockwise. The words are arranged in a staggered, non-overlapping manner, creating a sense of depth and movement across the white background.

Dialogkort vg3

Kapittel 13 Krig og uro

Spørsmål

Kven meinte nazistane var «høgverdige» og «mindreverdige» rasar?

Svar

høgverdig: den ariske rasen

mindreverdige: jødar, romfolk, homofile, psykisk sjuke og folk med nedsett funksjonsevne



Dialogkort vg3

Kapittel 13 Krig og uro

Spørsmål

Kvífor blei dei olympiske leikane i München i 1939 viktige for nazistane?

Svar

Det blei ein stad der dei kunne vise fram det nye tyske samfunnet med ariske deltagarar. Dette kunne dei bruke i den nazistiske propagandaen.

The image consists of a dense, diagonal pattern of the word "intertekst" in a light blue font. The text is rotated approximately 45 degrees clockwise. The words are arranged in a staggered, non-overlapping manner, creating a sense of depth and movement across the white background.

Dialogkort vg3

Kapittel 13 Krig og uro

Spørsmål

Kva heitte diktet Nordahl Grieg skreiv etter dei olympiske leikane, og kva handla det om?

Svar

Det heitte «Sprinterne» og handla om stemninga på stadionet då den svarte atleten Owens vann. Det blei skrive som ein ironisk og «trøystande» kommentar om at nazistane i alle fall fekk tak i jødane dei sprang etter.



Dialogkort vg3

Kapittel 13 Krig og uro

Spørsmål

Kva formål kan vi tenke oss at diktet «Sprinterne» hadde?

Svar

å få folk til å forstå kva naziregimet faktisk gjorde med samfunnet

The image consists of a dense, diagonal pattern of the word "intertekst" in a light blue font. The text is rotated approximately 45 degrees clockwise. The words are arranged in a staggered, non-overlapping manner, creating a sense of depth and movement across the white background.

Dialogkort vg3

Kapittel 13 Krig og uro

Spørsmål

Korleis skil diktet «Til ungdommen» av Nordahl Grieg seg frå «Sprinterne»?

Svar

Det første gir ei klar oppfordring til motstand. Det har ingen ironisk distanse, slik «Sprinterne» har.



Dialogkort vg3

Kapittel 13 Krig og uro

Spørsmål

Kva formål hadde litteraturen som blei skriven under krigen?

Svar

å oppfordre til kamp, motstand, samhald, å gi pågangsmot og å trøyste og lindre

The image consists of a dense, diagonal pattern of the word "intertekst" in a light blue font. The text is rotated approximately 45 degrees clockwise. The words are arranged in a staggered, non-overlapping manner, creating a sense of depth and movement across the white background.

Dialogkort vg3

Kapittel 13 Krig og uro

Spørsmål

Beskriv formmønsteret i «Aust-Vågøy». Korleis heng form og innhald saman?

Svar

Det er eit fast strofemønster med rimmønster. Det høyrest ut som bankande hjarte eller marsjerande soldatar når ein les diktet høgt. Forma understrekar innhaldet (marsjerande soldatar, maskin gevær) og gjer det lettare å hugse (formål).



Dialogkort vg3

Kapittel 13 Krig og uro

Spørsmål

Kvifor har fleire dikt som er skrivne under krigen, eit tydeleg «vi»?

Svar

for å skape samhald

The image consists of a dense, diagonal pattern of the word "intertekst" in a light blue font. The text is rotated approximately 45 degrees clockwise. The words are arranged in a staggered, non-overlapping manner, creating a sense of depth and movement across the white background.

Dialogkort vg3

Kapittel 13 Krig og uro

Spørsmål

Kva vil det seie at eit dikt har ein moraliserande tone?

Svar

at det er tydeleg kva som er rett og gale, at det er eit *dei* som er sett opp mot eit vi



Dialogkort vg3

Kapittel 13 Krig og uro

Spørsmål

Kva formål hadde litteraturen etter krigen?

Svar

å formidle heltehistorier, å utforske skuld og ansvar, å sette ord på det ein ikkje kunne forklare, å gi ny mening og retning

The image consists of a dense, diagonal pattern of the word "intertekst" in a light blue font. The text is rotated approximately 45 degrees clockwise. The words are arranged in a staggered, non-overlapping manner, creating a sense of depth and movement across the white background.

Dialogkort vg3

Kapittel 13 Krig og uro

Spørsmål

Kvifor blei det så populært med heltehistorier frå krigen?

Svar

fordi ein ville feire heltane og lese spennande forteljingar om kva som skjedde



Dialogkort vg3

Kapittel 13 Krig og uro

Spørsmål

**Kva for ein litterær tradisjon høyrer desse heltehistoriene til, og
kva er det som gjer at dei høyrer til denne tradisjonen?**

Svar

Dei høyrer til ein tradisjonell forteljemåte, fordi dei har ein tradisjonell komposisjon og tydelege karakterar.

The image consists of a dense, diagonal pattern of the word "intertekst" in a light blue font. The text is rotated approximately 45 degrees clockwise. The words are arranged in a staggered, non-overlapping manner, creating a sense of depth and movement across the white background.

Dialogkort vg3

Kapittel 13 Krig og uro

Spørsmål

Kva side var forfattaren Knut Hamsun på under krigen, og kva konsekvensar fekk det for han i etterkant?

Svar

Han sympatiserte med nazistane. Etter krigen vende folket ryggen til forfattarskapet hans. Han blei stilt for retten, skulda for landssvik, men blei frikjent.



Dialogkort vg3

Kapittel 13 Krig og uro

Spørsmål

Kva kjenneteiknar det «litterære oppgjeret» etter krigen?

Svar

Forfattarane utforska skuld og ansvar, og kvifor nordmenn handla som dei gjorde under krigen.

The image consists of a dense, diagonal pattern of the word "intertekst" in a light blue font. The text is rotated approximately 45 degrees clockwise. The words are arranged in a staggered, non-overlapping manner, creating a sense of depth and movement across the white background.

Dialogkort vg3

Kapittel 13 Krig og uro

Spørsmål

Korleis kan vi påstå at «Regn i Hiroshima» er eit eksempel på eit nullpunktssdikt?

Svar

Det beskriv verda før og etter den absolutte øydelegginga.



Dialogkort vg3

Kapittel 13 Krig og uro

Spørsmål

Korleis kan vi sjå at nullpunktssdikt er modernistiske dikt?

Svar

Forma er oppløyst, og stemninga i dikta er grunnleggande pessimistisk.

The image consists of a dense, diagonal pattern of the word "intertekst" in a light blue font. The text is rotated approximately 45 degrees clockwise. The words are arranged in a staggered, non-overlapping manner, creating a sense of depth and movement across the white background.

Dialogkort vg3

Kapittel 13 Krig og uro

Spørsmål

Korleis kan vi seie at «Det er ingen hverdag mer» er eit eksempel på modernistisk nullpunktslyrikk?

Svar

Det er ein grunnleggande pessimistisk tone i diktet: Ingenting gir meining meir. Verda er ikkje til å kjenne igjen. Ord kan ikkje formidle opplevingane frå krigen.



The image consists of a dense, diagonal pattern of the word "intertekst" in a light blue font. The text is rotated approximately 45 degrees clockwise. The words are arranged in a staggered, non-overlapping manner, creating a sense of depth and movement across the white background.